

Møteinkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Møtested: Bondeheimen - møterom Storstova, Oslo

Dato: 20.11.2013

Tidspunkt: 17:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 948 80 564 (Kari) eller 947 89 126 (Magnus). Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Det er etter førehandsvarsle om møtet varsle forfall frå representantane Lægreid, Ødegård Lunde og Melvær. Vararepresentantar for desse er innkalla, og Hollevik Brandsdal vil møte for Lægreid. Fylkesrepresentantane hadde ikkje høve til å delta.

Møtet vert halde på Best Western Hotell Bondeheimen, Rosenkrantz' gate 8.

Overnatting er bestilt til dei påmeldte som har behov for rom.

Møtet startar med enkel servering.

21. november samlast vi til erfaringskonferansen på Thon Hotel Opera, med tema **Verdiskapingsprogrammet for naturarven**. Sjå link til programmet.

[http://www.miljodirektoratet.no/Global/dokumenter/Arrangementer/Program-%20Erfaringskonferanse%20Verdiskapingsprogrammet%20for%20naturarven%2021%20%20nov2013%20\(2\).pdf](http://www.miljodirektoratet.no/Global/dokumenter/Arrangementer/Program-%20Erfaringskonferanse%20Verdiskapingsprogrammet%20for%20naturarven%2021%20%20nov2013%20(2).pdf)

Vel mott!

Med helsing

Kari Sveen
Nasjonalparkforvaltar Jotunheimen

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 39/2013	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 40/2013	Referatsaker		
RS	Dispensasjon fra vernevedtak for motorferdsel - Forvaltningsmyndighet og praksis		2013/7553
RS	Innspill forvaltningsplan Jotunheimen		2007/7734
RS	Rapport registreringsarbeid apollosummerfugl - Tiltak i bestillingsdialog 2013	X	2012/7019
ST 41/2013	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Bestillingsdialog med Statens naturoppsyn 2014		2013/7773
ST 42/2013	Eventuelt		

ST 40/2013 Referatsaker

Dispensasjon fra vernevedtak for motorferdsel - Forvaltningsmyndighet og
praksis 2013/7553

Innspill forvaltningsplan Jotunheimen 2007/7734

Rapport registreringsarbeid apollosommerfugl - Tiltak i bestillingsdialog 2013
2012/7019

Arkivsaksnr: 2013/7773-0

Saksbehandlar: Kari Sveen/Magnus Snøtun

Dato: 12.11.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	41/2013	20.11.2013

**Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Bestillingsdialog
med Statens naturoppsyn 2014****Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sluttar seg til at det vert søkt om tiltaksmidlar via elektronisk søknad til bestillingsdialogen 2014 til følgjande tiltak – jf. vedlagt forslag til tiltaksplan datert 12.11.13 (prioritet vist med nummer, 1-3 bak):

Informasjon/tilrettelegging i tråd med besøksstrategien

- | | |
|---|---|
| • Naturrettleiar - 2 sesongtilsette | 1 |
| • Sårbarheitsanalyse til besøksstrategi og forvaltningsplan | 1 |
| • Tilpassing av eksisterande informasjonstavle ved Eidsbugarden | 1 |
| • Nye mal for infoskilt ved hovudinnfallspartane. | 1 |
| • Nye skilt ved Juvasshytta | 1 |
| • Nye skilt ved Eidsbugarden | 1 |
| • Nye skilt ved Sognefjellshytta | 1 |
| • Nye skilt ved Gjendesheim | 1 |
| • Innsamling og presentasjon av stølshistorikken i Jotunheimen og Utladalen (på digital plattform). Vidareføring av MONA-prosjektet "I Gjendine Slålien sine fotspor" | 2 |
| • Lokal Turapp. | |
| Både merka ruter i verneområdet og lokale turar rundt turisthyttene. | 2 |

Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. Ulike tiltak tilpassa områda over tid

- | | |
|--|---|
| • Besseggen. Tilrettelegging for å unngå skade på vegetasjon og landskap som følgjer av stor bruk. | 1 |
| • Langs Gjende mellom Memurubu og Gjendesheim | 1 |
| • Sjugurdstind - Memurubu. Oppstart og førebuing av større tiltak | 2 |
| • Ny bru over Maradøla som erstatning for gamal og nå farleg bru | 2 |

- Ny bru over Utla (ved Maradøla) som erstatning for gamal og nå farleg bru. 2
- Ny bru over Fleskedøla – stokkbru 1
- Ny bru over bekk ved Morka-Koldedøla like før Vettisfossen
- enkel stokkbru 1

Skjøtsel:

- Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen) 1-2
- Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen) 1
- Styving/rising av alm og lind. Vedlikehald av gamle og rekruttering av nye styvingstre i heimre Utladalen 1
- Krattrydding Guridalen 1
- Styrt beite ved Gjendebu (geit) 1
- Styrt beite ved Gjendebu (storfe) 1
- Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebuområdet 1
- Slått av kve ved Gjendebu som kurs i tradisjonsformidling og biologisk mangfold 1
- Bidrag til tak, vindu og dør på steinsel i Guridalen 3

Endeleg prioritering av tiltak blir gjort i førstkomande møte etter at tildeling av midlar er klart. Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, da dette skal gje grunnlag for bruk av verneområda som ein ressurs for lokalsamfunnet. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare og trekplaster i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein måte som sikrar verneverdiane. Det må derfor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, og restaurering og tilrettelegging i område definert som brukssoner med meir intensiv bruk.

Bestilling av tenester frå SNO:

- Kartlegging og overvaking av rovfuglar
- Kartlegging og overvaking av fjellapollosommarfugl
- Førebuing og vedlikehald av styvingar av alm og lind
- Barnas naturoppsyn - skuleopplegg mot 7.klassar rundt verneområde

Saksopplysningar

Saksdokument

1. Sak 46/2012 frå møte i nasjonalparkstyret 07.11.12 og 9/2013 frå møte 25. april
2. Informasjon om statsbudsjettet og nytt opplegg for bestillingsdialogen for 2014.
3. Besøksstrategi godkjent av nasjonalparkstyret i møte 07.11.12.
4. Sak om informasjon i møte 26. september

Vedlegg til saka

1. Forslag til tiltaksplan 2014-2016, datert 12.11.2013

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen hadde ein gjennomgang av opplegg for bestillingsdialog og aktuelle tiltak for verneområda i styremøte 7. november 2012.

Det blir i år lagt opp til vidareføring av ulike saker drøfta i nasjonalparkstyret gjennom året som har gått. For saksførebuing er det gjennomført eit arbeidsmøte mellom nasjonalparkforvaltarane og lokalt SNO 12.11.13. Det vart her sett opp eit felles utkast til tiltaksplan for verneområda for perioden 2014-16, sjå vedlegget. Det blir noko endring i korleis vi skal søke om midlar i høve til tidlegare år, med bruk av elektronisk søknad innan 10. januar. B-skjema viser forventningar til SNO si verksemd, og her kan det både vera overvaking/registreringsarbeid og utføring av skjøtsel og tilrettelegging.

Samla innmeldt behov/ønskje for midlar til forvaltning, informasjons-, skjøtsels- og tilretteleggingstiltak i verneområde innan Jotunheimen nasjonalparkstyre sitt ansvarsområde for 2013 var 2.070.000 kr. Samla tildeling i bestillingsdialogen vart 1.320.000 kr. Det vart gjeve tilleggsmidlar i juni 2013, og ein har hatt rom for å oppretthalde etablerte tiltak og initiere nye.

Framlegg til statsbudsjett for 2014 viser ein reduksjon i samla tildeling til tiltak i nasjonalparkane med 15 millionar i høve til 2013, og dette gjev signal om ei strengare prioritering av midlar i året som kjem. Det er noko uklart om framtida for dei frie midlane til styret, som i 2013 utgjorde 220.000 kroner.

Det som står med prioritet 1 i vedlagt forslag er 1.438.000 for 2014. Med signala om redusert tildeling over statsbudsjettet må ein vera førebudd på å måtte nedjustere aktiviteten. Enkelte av dei foreslalte tiltaka kan gjennomførast med redusert nivå – t.d. ein naturrettleiar i staden for to, redusere omfanget av skjøtsel, eller ta ut att tiltak. På bruene er det aktuelt med spleiselag med andre aktørar, slik at bidraget frå nasjonalparkmidlane kan verta noko mindre.

Det er nasjonalparkstyret som gjer dei endelege prioriteringane, etter at midlane er fordelt av Miljødirektoratet på nyåret i 2014.

Vurdering

Skjøtsel, tilrettelegging/vedlikehald av stigar og informasjon er dei store postane innan tiltaksmidlane. I tillegg ser vi behov for å auke kunnskapen om verneområda, da eldre verneområde som Jotunheimen og Utladalen manglar dei omfattande kartleggingane av biologisk mangfald og brukarinteresser, som er standard i nye verneplanprosessar.

Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien

Oppfølging og vidare utvikling av besøksstrategien som vart vedteken i 2012 må få høg prioritet i åra framover. Med avgrensa tilgang på ressursar må ein vera budd på strenge prioriteringar, og for ein brukspark for Jotunheimen må ein legge stor vekt på tiltak som kan gje grunnlag for å gje turistar gode naturopplevelingar utan at aktivitetane reduserer verneverdiene i vesentleg grad. Infrastrukturtiltak som kan gje grunnlag for berekraftig næringsutvikling i kommunane rundt nasjonalparken bør ha første prioritet.

Tilrettelegging og aktivitet i og i randsonen til verneområda skal også leggje vekt på lokalbefolkinga sin bruk av områda, og barn og unge bør bli ei viktig målgruppe for naturopplevelingar og kunnskapsformidling. God samhandling med lokalsamfunna vil vera avgjerande for at nasjonalparken med tilgrensande verneområde skal opplevast som ein verdi for bygdene.

Naturrettleiing:

Forslag i statsbudsjett frå den raud-grøne regjeringa om 1 naturrettleiarstilling fall ut ved framlegg av budsjett frå ny regjering. Tilssetting av sommarhjelp vil vera viktig for å ha i alle fall litt ressursar på dette området. Naturrettleiing fungerer både som eit servicetilbod og eit ledd i arbeidet for å sikre at bruk ikkje går ut over verneverdiane.

Skjøtsel:

Det er etter evaluering av skjøtsel i Gjendebu tilrådd slått for å fremme veksevilkåra for m.a. marinøkkelartar i området. I samarbeid med Storådalen beitelag, SNO og verten på Gjendebu vart det arrangert ei slåttheleg i august 2013, med naturrettleiing om tidlegare tiders bruk, kulturlandskap og biologisk mangfald. Det vert det tilrådd å setja av årlege resursar til oppfølging med liknande arrangement. Beitebruken er viktig, og årleg slått vil like mykje vera eit element for å formidle kunnskap om tradisjonell bruk. Tenestekjøp frå fjellstyret via SNO vil vera eit supplement til samarbeidet med beitelaget og kjøp av tenester frå fagpersonar. Som reint skjøtseltiltak vil det truleg halde med slått t.d. kvart tredje eller kvart femte år, men aktiviteten kan også sjåast som ei oppleveling med stor grad av kunnskapsformidling.

Skjøtselstiltaka i Utladalen har gått over fleire år og er omfattande. Dei siste 4-5 åra er skjøtselen også utvida til Øvre Utladalen. Framlegg til skjøtselsplan har vurdert dei ulike skjøtselsområda i Utladalen og tilrår vidareføring, men rangerer også dei ulike områda. Skjøtsel av kulturmark er ressurskrevjande og krev innsats over tid. Ei utviding betyr derfor at ein bind opp ressursar for åra framover, da det har liten hensikt å berre utføre eingongstiltak. Ved prioritering av skjøtselsområde vil styret samstundes gje signal om at tiltaket bør ha høg prioritet også i åra framover. Prioritering mellom tiltaksområde bør vere fagleg forankra i skjøtselsplanen. Det er i tiltaksplanen sett opp ei vidareføring med i alt 450.000 kroner, og dette utgjer ein stor del av tiltaksmidlane. Ved eventuelt behov for prioriteringar må verneverdi ha stor vekt, og tiltak i samarbeid med aktive driverar i landbruket vil også ha stor verdi for lokal forankring og bidrag til verdiskaping.

Styret blir og invitert til å koma med innspel når vi går gjennom tiltakslista i møtet.